

Opningstider i jula

Legekontoret

Uendra opningstider i romjula.

For øyeblikkelig hjelp høgtidsdagane, ring 116117 eller 113.

Kvar onsdag opnar telefonen til legekontoret først kl. 09.00 grunna møteverksemd.

Helsestasjonen har ope:

27. desember: Kl. 10-14

28. desember: Kl. 10-14

Stengt 29. desember, og vi opnar att 2. januar.

Biblioteket

Siste opningsdag før jul:
Fredag 22. desember.

Første opningsdag etter jul:
Onsdag 3. januar.

Rådhuset

I romjula (onsdag 27.12 - fredag 29. desember) er ekspedisjonen stengt.

Telefonen vert open mellom kl. 11.00 og 14.00.

Det kan vere mogeleg å gjere avtale på førehand med sakshandsamar.

Skodje kommune ønskjer alle

God jul
og
Godt nytt år!



Vil du vite meir om dei politiske prioriteringane for 2018?

Strategi- og budsjettprosessen vart avrunda i kommunestyremøtet torsdag 30. november.

I løpet av hausten har både nasjonale og lokale ønsker vore grunnlag for diskusjon. Det store spørsmålet har vore: Korleis kan vi utvikle viktige område innan tenestetilbodet sjølv om inntektsoverføringane ikkje aukar?

Kommunestyret har prioritert følgjande satsingar i 2018:

- Styrking av skulehelseteneste for å utvikle eit endå betre tilbod for elevar som treng tilrettelegging for å vere sikra eit godt psykososialt skulemiljø
- Styrking av demensomsorg gjennom både kompetanseheving, samt etablering av dagtilbod to dagar i veka
- Styrking av barnehagane knytt til kostnader som kjem knytt til norm for pedagogtettleik. (fleire barnehagelærarar av andel tilsette frå og med 01.08.2018)
- Norm for lærartettleik i skulane er og vedtatt nasjonalt. Denne gjeld frå og med hausten 2018. Når retningslinjene er på plass må vi finne ut av om det er skular i vår kommune som treng fleire lærarårsverk. Dei øyremerka midlane som vert tilført kommunen i revidert nasjonalbudsjett vil bli tilført dei skulane som ikkje tilfredstiller norma.
- Frivilligsentral vert no etablert i eininga for kultur, folkehelse og frivilligheit ved Gomerhuset ved hjelp av midlar frå staten til dette tiltaket.

På investeringssida er det spesielt to tiltak som vert sentrale i 2018:

1. Omsorgsleiligheiter på Runnane (aust for Skodje omsorgssenter)

Bygginga av leiligheitskomplekset startar i 2018, og skal vere på plass i 2019. Dette er eit stort kvalitetsløft for det samla omsorgstilbodet i kommunen. Med desse leiligheitene Skodje kommune på plass eit tilbod som ligg på omsorgsnivået mellom desentralisert heimebasert omsorg og institusjonsplass.

Leiligheitskomplekset vil få ei flott utforming på ei fin tomt med det nyaste innan velferdsteknologi og tilpassingar av innreiing. Målet er at dei som leiger desse leiligheitene skal oppleve meistring av eigen kvardag lengst mogleg. Leiligheitskomplekset vil til ei kvar tid ha ei lav grunnbemanning.

2. Ombygging og utviding av Skodje barneskule

I 2018 skal dette prosjektet detaljplanleggast. Barneskulen treng både oppgradering og utviding, og det er svært positivt at kommunen får på plass gode permanente bygg for barneskuleområdet i sentrum som har kapasitet nok til å ta imot den store elevtalsauken som er venta dei neste åra.

Andre viktige prosjekt:

I tillegg til desse to store prosjekta har vi andre mindre, men også viktige prosjekt på gang. Dette gjeld for eksempel:

- Områdeplan for skulane, barnehage og Gomerhuset i sentrum for å sikre tryggare trafikale forhold
- Uteområdet på ungdomskule skal utbetrast
- Uteområdet på Skodje barnehage skal fornyast, dei andre uteområda ved barnehagane får også noko fornying
- Det er sett av midlar til nærmiljøanlegg for fysisk aktivitet
- Det er sett av planleggingsmidlar til å etablere samanhengande gang- og sykkelveggar rundt Skodjevika.

Prestemarka

Bruktbuda

Bruktbuda ønskjer seg fleire brukte ting. Vi tek imot det meste utanom bøker og større møblar. Vi har mange flotte ting til ein svært god pris.

Vi held ope: Tysdag frå 11.00 til 16.00 og torsdag frå 11.30 til 17.30.

Kom gjerne innom og ta ein kopp kaffi!

Fargeskrinet

Fargeskrinet sel kjempegode tennbrikettar og julevarer.

Prestemarka har også ved til sals, om du treng det til vinteren.

Litt av kvart

Vis dovett!

Kommunen har mykje unødvendig ekstraarbeid og ekstrakostnader på grunn av at det vert kasta ting i do som tettar kloakkrøra og stopper pumper og renseanlegg.

Dovettregelen er:

«Berre bæs, tiss og dopapir skal i do.»

Døme på ting som **IKKJE** skal kastast i do:

- Tørkepapir
- Q-tips
- Bomull
- Vaskeklutar
- Gummihanskar
- Våtserviettar
- Tampongar og bind
- Tanntråd
- Matrestar og feitt

Meir informasjon på dovett.no.

Frosttapping

Det er viktig at alle gjer tiltak for å unngå frosttapping. Leidningar som er utsette for frost må isolerast eller gravast ned på frostfri djupne.

Purringar frå Kredinor

Frå 2018 vil purringar på ubetalte rekningar kome frå Kredinor, og ikkje frå kommunen sjølv.

Vassmålar

Det er sendt ut varsel om avlesing til abonnentar med vassmålar. Dersom du har fått avlesingskort i posten og ønskjer å få varsel på SMS heretter, kan du fylle ut mobilnummeret ditt på avlesingskortet, eller når du registrerer avlesinga på internett (leseav.no).

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 23. mars. Frist for innlevering til dette nummeret er 16. mars.

Brannvern

I denne tida, med mykje bruk av levande lys, er det særskilt viktig å vise varsemd.

Brannverntips

1. Skift batteri i røykvarsleren før julekvelden.
2. Test røykvarsleren ein gong kvar månad.
3. Forlat aldri rom med brennande lys.
4. Forlat aldri smultgryta når den står på komfyren.
5. Sjekk brannvernutstyr, som brannsløkkingsapparat og slange.

Pipebrann

Dersom pipebrann oppstår, steng alle trekkopningar og kontakt brannvesenet.

Har du salt i huset (helst grovt), kast saltet over glørne i omnen for å dempe varmeutviklinga til brannvesenet kjem.

Melding om brann: Tlf. 110

Renovasjon i jula

Endra hentedatorar for restavfall i jule- og nyttårshelga:

For tysdags- og onsdagsruta (sone 1 og 2) vert det henting torsdag 28. desember.

For torsdagsruta (sone 3): fredag 29. desember.

For tysdagsruta (sone 1): onsdag 3. januar.

Parkering på kommunale vegar

Teknisk avdeling har motteke ein del klager på at enkelte tek seg til rette og parkerer bilar på snuplassar og langs/på kommunale vegar. Dette er eit stort problem for renovasjonsbilar og brøytemannskap, og det kan føre til trafikkfarlege situasjonar.

Bilar som er parkerte på kommunale vegar kan verte taua vekk utan nærare varsel.

The North West

Bli med på den største ombygginga av Ålesundsregionen nokon gong!

Richard Florida kjem - kjem du?

Region Ålesund inviterer til tidenes festveke innan urbanisering, arbeidsliv, kultur og fritid. Festveke vert eit «must» for alle som engasjerer seg i, og er stolt av, regionen vår.

Historiens første *The North West* vert arrangert 18. - 21. april, og hentar inn dei beste tenkjarane innan urbanisering, framtidens arbeidsplassar, kultur og fritid.



Dette skjer

Juletreff på Fagerheim

28. desember kl 15.00 – 17.00

God, gamaldags juletreff for små og store. Kanskje kjem nissen også ein tur.

Arr.: Skodje Frilynde Ungdomslag

Julenøtter

for dei over 18 år.

Fagerheim 28. desember kl 19.30-01.30. Quiz og julemoro. Inngangspengar: kr 50,-

Arr.: Skodje Frilynde Ungdomslag

Tradisjonen tru går vi av oss juleribba med den årlege

Ribbemarsjen

2. juledag

Du startar frå Engesetdalen eller Skodje og vi møtest på Fylling mellom kl 12.00 og 13.00 for innskriving i manntal, ein god prat, varm gløgg og litt julegodt.

Med denne invitasjonen ønskjer Engesetdal II og Skodje IL alle i Skodje ei god julehelg.

"Kommunenytt" er utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, og kommunale avdelingar. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no